

Hei fjordhestfolk!

Her er eit ope brev til Norges Fjordhestlag og til andre fjordhestvener

Det handlar om undring og skepsis over planlagd endring av avlsplanen vår og 10%!

Tidlegare var fordelinga slik:

Eigenskapar som blir vektlagde for å fremje avlsmålet

eksteriør 50%

helse 10%

lynne 10%

bruk 30%

Nå, derimot:

Eigenskapar som blir vektlagde for å fremje avlsmålet

eksteriør 70%

helse 10%

lynne 10%

bruk 10%

Med andre ord:

Nå tel bruk berre 10% og eksteriør tel heile 70%!

Me har difor fleire spørsmål me gjerne skulle hatt svar på:

1 Kor/kven kom dette forslaget frå?

Norges Fjordhestlag? Avlsutvalet? Norsk Hestesenter? Andre?

2 Er denne endringa noko som gjeld dei andre norske rasane og?

Eller er det berre hos fjordhesten?

3 Kva vil dette gjera med motivasjonen, til dømes hos dei som trenar hingstar fram til bruksprøvar?

- Blir ikkje dette nærast ei hån mot dei eldsjelene som legg med mange, mange timar med trening i forkant av til dømes utvida bruksprøvar?

Kan ein ikkje risikera at bruksprøveordninga nærast blir utvatna og forringa (kan vel ikkje rekna med at folk vil leggja like mykje arbeid i hestane som skal synast som tidlegare..) - og dermed dårlegare/mindre informasjon om hestane sitt brukspotensiale til dommarane?

4 Bruksprøvedommarane, kva med dei?

- Kor mykje mon er det i å ha desse dersom det nesten ikkje tel med bruk, 10 % er jo ingenting.

## 5 Omdømmet til fjordhesten som brukshest?

- Kva med publikum, folk reiser jo til Eid frå både inn- og utland - ikkje berre for å sjå fine fjordhestar, men også for å sjå flinke fjordhestar (og folk) som held tradisjonsbruken i hevd. Ikkje den beste reklamen for den allsidige fjordhesten vår heller, når brukseigenskapane me er så stolte av blir så til dei grader nedvurderte.

## 6 Einsidig fokus på eksteriør?

- Ei anna side av saka er det andre som har vore debattert i det siste, nemleg den mangeårige utarminga av det genetiske mangfaldet hos vår kjære fjordhest, særleg på hingstesida. "Vippe-hingstane", som gjerne ligg på ca. 7-7,5 på skalaen og som mange nå gjerne vil ha med i avlen dersom dei har interessant stamme, kva med dei? Vil det ikkje bli endå vanskelegare for desse å nå opp til kåring ved heving av status på eksteriør til heile 70%?

## **Kva slag vegval er dette for fjordhestavlen?**

### **Kor ber dette av stad?**

Helsing frå ganske mange rogalendingar (men ikkje alle)  
ved Åse Ravndal

PS. Underteikna var ikkje på Haustmøtet, men har forstått at det var ingen særleg debatt om dette og kun 1 innlegg frå salen.

Vil gjerne ha svar frå frå Norgers Fjordhestlag og også høyre andres meining. Postar difor dette til NFL for svar + facebookside Norsk Fjordhest for debatt.